# ROMSKIPET TERRA

Du og vennene dine har fått i oppdrag å vere mannskap på romskipet «Terra», som skal reise på ein lengre ekspedisjon ut i solsystemet vårt. De skal reise til ein av naboplanetane for å drive forsking på vegner av «Det interplanetariske vitskapsakademiet i Noreg». Regjeringa har bestemt at store delar av pengane i oljefondet skal brukast til romforsking, og du er ein av dei heldige som får vere med.

- De må planleggje reisa. Kor langt er det til planeten? Kor stor fart har satellittar/romkapslar i dag? Rekn ut kor lang tid reisa kjem til å ta. Kva for problem må de løyse for å kunne reise så langt? Korleis skal de løyse problema med mat, vatn og vektløyse? Korleis vil de i halde dykk i form og hindre at de «døyr av keisemd»?

- Fortel om planeten de kjem til. Kva kan de sjå? Går det an å gå på overflata av planeten? Kva for problem møter de utanfor romskipet? Er det liv på denne planeten? I så fall – korleis greier organismar å overleve her? Fortel om temperaturar, lengda på døgnet, lengda på året, atmosfæren, overflata på planeten og kva slags stoff planeten er bygd av.

- Når de kjem tilbake, skal de leggje fram ein rapport for «Det interplanetariske vitskapsakademiet i Noreg». Fortel om dei forskingsresultata de har kome fram til. Bruk gjerne bilete, skisser og kart for å dokumentere funna dykkar.

